



## Saksprotokoll

---

**Organ:** Kontrollutvalet

**Møtedato:** 17.06.2014

---

**Sak nr.:** 14/3849-2

**Internt l.nr.:** 19876/14

**Sak:** 29/14

**Tittel:** **Skriv, meldingar og orienteringar kontrollutvalet 17.06.14**

**Behandling:**

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

1. Budsjett 2015 – vurderingar

*Kontrollsjef orienterte utvalet om budsjettsituasjonen, og vurderingar rundt kontrollutvalet sin budsjett. Utvalet diskuterte utfordringane som ligg i den varsla inntektsreduksjonen til fylkeskommunen og gjorde slikt vedtak:*

- a) *Kontrollutvalet vil vurdere sitt eige budsjett i første møte etter sommarferien, og ber om at leiar og nestleiar får møte finansutvalet 24. september for å presentere utvalet sin vurderingar ang, budsjett 2015»*

2. Oppsummering av FKT-konferansen 3. – 4. juni 2014

*Utvalet oppsummerte konferansen og konkluderte med at programmet var veldig relevant i høve til kontrollutvalet sin funksjon i fylkeskommunen.*

3. Informasjon frå NKRF

- a) E-info 1/14

*Informasjonen vart teken til orientering*

4. Orienteringar frå leiar og kontrollsjef

*Kontrollsjefen orienterte utvalet om avvikling av eigen ferie i tidsperioden veke 28 - 32.*